# Masfjorden kommune
Teknisk, miljø og landbruk

Ing Taule As
Radøyvegen 1400
5936 Manger

| Referanser: | Sakshandsamar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Roald Kvingedal | 26.07.2022 |
| Vår: 22/461 - 22/6426 | roald.kvingedal@masfjorden.kommune.no | |

# Melding om igangsetjingsløyve grunn- og terrengarbeid - gbnr 38/106, Kvingo

**Administrativt vedtak. Saknr: 069/2022**
**Tiltakshavar:** Jon Martin Skauge
**Ansvarleg søkjar**: Ing Taule As
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

VEDTAK:
**Masfjorden kommune viser til plan- og bygningslova § 20-1 og godkjenner søknad om igangsetjingsløyve for opparbeiding av grunn og terrengarbeid, på gbnr 38/106, Kingo.**
**Søknad med vedlegg mottatt 06.07.2022 vert godkjent på fylgjande vilkår:**

- **Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonskart mottatt 05.05.2022.**

**Grunngjeving: Søknaden er i tråd med administrativt vedtak saknr 050/2022, datert 22.06.2022.**

**Heimel: Plan- og bygningslova § 20-1.**

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

| FUNKSJON | FØRETAK | ORG.NR. | L/S * | TILT.KL. | ANSVARSOMRÅDE |
|---|---|---|---|---|---|
| **SØK** | Ing Taule as | 988103381 | S | 1 | Ansvarleg søkjar |
| **PRO** | Ing Taule as | 988103381 | S | 1 | Arkitektur |
| Grunn-, | H. Sandvik | 989482920 | S | 1 | Grunn-, terreng-, |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| terreng-, utstikking og betongarbeid | AS | | | | utstikking og betongarbeid |
| **UTF** | | | | | |
| Grunn-, terreng-, utstikking og betongarbeid | H. Sandvik AS | 989482920 | S | 1 | Grunn-, terreng-, utstikking og betongarbeid |

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning
Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

Mynde
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Ansvar
Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve
Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall
Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling
Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Gebyr
Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

| Kode | Skildring | Tal | Sum |
|---|---|---|---|
| 10.2.9 | Delt saksbehandling (t.d. igangsettingsløyve, mellombels bruksleøyve) | 1 | 2500 |
| | | | |
| | Totalt gebyr å betala | | 2500 |

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

**Klage**
Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Roald Kvingedal
teknisk sjef
*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

## Saksutgreiing:

### 1. Bakgrunn
Det er i søknad mottatt 06.07.2022 søkt om igangsetjing for opparbeiding av for opparbeiding av grunn og terrengarbeid, på gbnr 38/106, Kingo.

### 2. Fakta
Saka gjeld søknad om igangsetjingsløyve for opparbeiding av grunn og terrengarbeid, på gbnr 38/106, Kingo.
Søknaden er i tråd med administrativt vedtak saknr 05/2022, datert 22.06.2022 der det vart gjeve løyve til søknad om rammeløyve til terrengarbeid og tilbygg garasje gbnr 38/106, Skolten bustadfelt.

## 3. Vurdering

Ing Taule AS er godkjent som ansvarleg søkar for tiltaket, og er ansvarleg for at alle oppgåvene er belagt med ansvar. Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført med føresegner gjevne i eller i medhald av plan- og bygningslova. Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.

## 4. Konklusjon

Søknad om igangsetjing for opparbeiding av grunn og terrengarbeid på gbnr 38/106, Kingo, som omsøkt, jf. vedtak.

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Ing Taule As | Radøyvegen 1400 | 5936 | Manger |
| Jon Martin Skauge | Skolten 4 | 5981 | Masfjordnes |